

Referat frå årsmøtet i Vestnes Sogelag

Dato / stad: 18. juni 2020 kl 19.00 i kantina på Tremek a/s. Frammøte: 13 medlemmar.

Sak 1: Konstituering av årsmøtet

- a. Godkjenning av innkalling og sakliste.
Desse vart godkjente.
- b. Val av møteiar og referent.
Bjørn Flate vart vald til møteiar og Mary Ellingseter Skram som referent.

Sak 2: Årsmelding frå styret 2019

Mary Ellingseter Skram las opp årsmeldinga frå styret. Denne vart godkjent.

Sak 3: Årsmelding frå skriftstyret 2019

Martinus Løvik las opp årsmeldinga frå skriftstyret. Denne vart godkjent.
Merknad til årsmeldinga: Med bakgrunn i ein artikkel i Årsskriftet for 2019, vart det frå salen mint om at ein bør vere varsam med omtale av hendingar som slekta til personen det gjeld kan oppleve som negativ.

Sak 4: Årsmelding frå fotogruppa

Mary Ellingseter Skram las opp årsmeldinga frå fotogruppa ettersom ikkje nokon frå fotogruppa var til stade. Denne vart godkjent.

Sak 5: Rekneskap 2019

Bjørn Flate las opp rekneskapen ettersom forretningsfører Hallgeir Anderson ikkje var til stade. Rekneskapen vart godkjent.

Sak 6: Val

Valnemnda si innstilling til årsmøtet 2020 vart lagt fram av Torhill Sellereite. Årsmøtet godkjente valnemnda si samla innstilling. Desse vart valt:

Styret

Leiar:	Bjørn Flate	attval for 1 år
Styremedlemmar:	Eli Skavnes	attval for 2 år
	Mary Ellingseter Skram	ikkje på val
	Lars Sigmund Kleive	ny for 2 år (varamedlem i 2019)
	Morten Øveraas	ny for 2 år

Skriftstyret

Medlemmar:	Martinus Løvik	attval for 1 år
	Einar Baltzersen	attval for 1 år

Petter Inge Bergheim attval for 1 år

Skriftsstyret konstituerer seg sjølv.

Fotogruppa

Medlemmar: Jostein Bø
 Edmund Melkild
 Olav Hole
 Lars Sigmund Kleive
 Oddbjørn Westnes
 Jørgen Torp
 Mindor Eiken

Fotogruppa konstituerer seg sjølv.

Revisorar Jarle Løvik attval for 1 år

 Helge Bjerkevoll attval for 1 år

Valnemnd Odd Jarle Talberg attval for 1 år

 Torhill Sellereite attval for 1 år

Sak 7: Fastsetting av kontingent for 2021

Styret foreslo å halde kontingenten uendra. Dette vart godkjent.

Sak 8: Revidering av vedtektene

Odd Jarle Talberg la fram forslag til revidering av vedtektene i §§ 1, 4, 5, 6 og 7. Vedtektsendringane blei godkjente av årsmøtet.

Sak 9: Eventuelt

Einar Baltzersen spurte etter turen til Malmefjorden for å sjå på Tiendestabburet. Bjørn Flate opplyste at denne kveldsturen blir planlagt i næraste framtid og blir lagt opp med privatbilar.

Kaffipause

Etter årsmøtet:

Martinus Løvik heldt eit aktuelt og engasjerande foredrag om «Spanskesjuka i Vestnes».

Mary Ellingseter Skram
referent

